

## Rapport – Kulturstipend 2017

Viser til vedtak ULK-69/2017 der eg vart tildelt Kulturstipend for

### *Musisk integrering i tverrkulturelle musikkgrupper – Musikk på tvers*

Rapporten vert levert noko seint, med bakgrunn i at eg såg meg nøydd til å utsetja kurs nr. 2 til hausten 2018. Heile tiltaket er no gjennomført og avslutta.

- **Førebuing**

Eg gjennomførte 3 planleggingsmøte med Frivilligsentralen og flyktningkonsulent på Nav. I møta la eg fram skissa for musikkgruppa, og vi drøfta rekruttering av flyktningfamiliar. Det vart gjort ei kartlegging, og dei som var aktuelle vart kontakta direkte av flyktningkonsulent. Helsestasjonen vart også involvert for å kunne gi informasjon, både hausten 2017 og hausten 2018.

Meland Helselag vart kontakta for samarbeid, og musikkgruppa vart fysisk lagt til same lokale som småbarnstreffet, slik at familiare kunne vera der etterpå til sosialt samvær og lek for borna.

Wesal Alhusiki Husin og eg hadde i tillegg 3 førebuingmøte der vi øvde på songar – eg på arabiske songar som ho lærte meg og ho på norske barnesongar.

Vi valde svært enkle tekstlege songar til samlingane.

- **Påmelding**

Til det første kurset hausten 2017, gjekk invitasjon først ut til aktuelle flyktningfamiliar. Etter påmelding frå desse familiare, gjekk vi ut med eit lite oppslag på helsestasjonen og inviterte til «Musikk på tvers» samt at vi kontakta direkte enkeltmødre vi visste om hadde små barn og ville vera ein ressurs. Det første kurset var fullteikna på 2 dagar og hadde 12 foreldre + 1 bestemor og 14 barn. Gjennomsnitt oppmøte har vore 10 foreldre og 11 barn (1 søskenpar m/ mor). Det andre kurset som vart gjennomført hausten 2018 vart også raskt fullteikna med 9 foreldre og 10 barn (1 mor med 2 born) Til dette andre kurset var påmeldinga open for alle til same tid, og Frivilligsentralen, Nav og Helsestasjonen tok direkte kontakt med aktuelle familiar.

Flyktningefamiliane har vore frå Syria, Somalia og Eritrea, tilsaman 5 barn på kurs nr 1. På kurs nr. 2 møtte 1 foreldrepar med 1 barn. Desse fekk barn nr. 2 midt i kursperioden, og hadde av den grunn ein del fråvær. Mor og far skifta på å kome. Det viste seg ved oppstart av begge kursa at fleire av dei flyktningefamiliane vi snakka om på tidlege planleggingsmøte fekk barnehageplass, slik at andelen flyktningefamiliar vart liten. Vi tenkjer at det likevel var eit positivt tiltak for dei det gjaldt, særleg den eine syriske familien som kom direkte til Meland frå mottak i Hellas i september 2017, og der mor (18) ikkje hadde noko anna aktivitet. Dette var også den familien som kom att på kurs hausten 2018.

- **Gjennomføring**

Kurs nr 1 starta opp 25. september og hadde siste samling 27. november (10 samlingar). Vi samlokaliserte oss med Småbarnstreffet drive av Helselaget, og Helselaget sto for kaffi og te og deltaking i sosialt samvær etterpå. I samråd med Wesal, valde eg svært enkle songar – med lite tekst, repeterande tekst, og gode melodistrofer. Dei arabiske songane vart songar som vi song både på norsk og arabisk, nemleg Fader Jakob og Lille Petter Edderkopp. I tillegg kombinerte vi ein arabisk og

ein norsk voggelag til avslutning. I løpet av samlingane fekk vi også eit eritreisk bidrag som vi så vidt fekk prøvd oss litt på. Songforløpet var det same gjennom heile kurset med svært få endringar. Vi brukte rytmeegg og div andre småperkusjonsinstrument, utlånt av Kulturskolen. Gruppa var aktiv og deltakande, og både born og vaksne gav god respons.

Sideeffekt: Wesal Alhusiki Husin fekk i løpet av kurset jobb som lærarassistent i ein nabokommune – morsmåslærar for syriske barn i grunnskulen. Ho takka meg opprømt for dei norske barnesongane som ho kunne bruke i undervisninga med dei syriske borna!

Kurs nr 2 starta opp 10. september og hadde siste samling 12. november (8 samlingar – avbrudd 2 veker pga sjukdom). Wesal Alhusiki Husin var ikkje med på dette kurset grunna jobbsituasjon. 3 av foreldra frå kurs nr 1 møtte også på kurs nr 2. Songmaterialet var noko annleis, men med same ramme. Også denne gruppa var aktiv og deltakande, med god respons både frå foreldre og born.

- **Evaluering**

Eg har ikkje fått gjennomført noko intervju med deltakarane, men fekk mykje positiv verbal tilbakemelding undervegs på begge kursa. Tilbakemeldinga gjekk både på opplevinga av borna sitt engasjement undervegs, samværet med dei andre foreldra og forteljingar om songane i bruk heime mellom samlingane. Det har også vorte understreka frå enkelte at dei opplever at samlingane har eit fagleg grundig fundament, og at det er positivt med eit livssynsnøytralt alternativ til babysongen i regi av kyrkja.

Songmaterialet fungerte godt. Innslag av arabisk tekst, swahili, eritreisk (tigrinja) og russisk i tillegg til lokalt stoff vart godt motteke.

Samarbeidet med Helselaget har fungert svært godt. Dei har stått for kaffikoking og organisering av det sosiale samværet etter songstunda, leiker til borna m.m. Småpratene etter songen er viktig, sjølv om det berre er korte utvekslingar før alle går kvar til sitt.

- **Vegen vidare**

Eg har lufta for Helselaget og for Frivilligsentralen at eg kan tenkja meg eit vidare samarbeid, og at eg arrangerer 1 kurs per semester bygd over same lest som «Musikk på Tvers». Kursa vil verta halde på Eldresenteret som før, og eg håpar å kunna starta opp allereie 28. januar. Finansiering er ikkje avklåra enno, men vil truleg gå i orden. Eg håpar at Frivilligsentralen, Helsestasjonen og NAV v/Flyktningskonsulentane vil hjelpa til med å spreie informasjon om kursa.





- **Budsjett og rekneskap**

**Budsjett:**

Planleggingsmøte mai/juni + august		<b>1000</b>
8-10 samlingar honorar musikkpedagog KF haust 2017		<b>8000</b>
Evaluering/rapport/ny planlegging		<b>2000</b>
8-10 samlingar honorar musikkpedagog KF vår 2018		<b>8000</b>
Innkjøp kaffi/te til sosialt samvær etter musikkstund		<b>1500</b>
Evaluering og rapport		<b>1500</b>
Honorar Wesal Alhusiki Husin		<b>4000</b>
Leige lokale (Stipulert)		<b>5000</b>
<b>Totale utgifter</b>		<b>31000</b>
Frivilligsentralen dekker kaffi og te	<b>1500</b>	
Tilskot Musikk frå Livets begynnelse	<b>8800</b>	
<b>Søknadssum</b>		<b>20700</b>

**Rekneskap:**

Planleggingsmøte 2017			2000
10 samlingar haust 2017 – honorar KF			8000
Honorar Wesal Alhusiki Husin			2000
Innkjøp av div utstyr			524
Evaluering/rapportar/ny planlegging			2000
8 samlingar haust 2018 – honorar KF			8000
Kjøp av instrument ( div perkusjon)			2958
<b>Totale utgifter</b>			<b>25482</b>
Tilskot Musikk frå livets begynnelse		8800	
Kulturstipend		17000	
<b>Totale inntekter</b>		<b>25800</b>	

Litlebergen 06.12.2018

Kristine Fluge